



INFORMASJON UTBYGGING AV BREIBAND - juni 2020

Planlagt utbygging

HEGGJABYGDA, SKREDE – HOLMØYANE, LOTE - HENNEBYGDA

Stad kommune har dei siste åra lagt tilrette for utbygging av breiband /fiber i områda som i dag har dårlig dekning og som leverandørane ikkje vil bygge ut utan tilskot. Opplegget er at kommunen søker statlege tilskot kvart år og nyttar dette som anleggstilskot til dei som vinn kontrakt om utbygging. I tillegg til statleg tilskot har det vore nødvendig med tilskot frå fylke, kommunen, private verksemder og ekstra privat brukarfinsansiering. På denne måten har vi fått bygd ut store delar av kommunen.

Vi har i 2020 tilslagn om tilskot til områda Heggjabygda, Skrede-Holmøyane, Lote-Hennebygda. Telenor har varsla om at dei vil fase ut koparlinja i desse områda, og det er soleis viktig at fiber kjem på plass. Stad kommune har gjennom fylkeskommunen lyst ut nemnde prosjekt på anbod. Kravet er at breibandet skal gi tilgang til internett med høg hastighet, TV og telefoni. (Kundane vel kva dei vil ha). Etter anbodsutlysing er det motteke tilbod frå leverandør, og vi er inne i fasen med tilbodsevaluering med forhandlingar. For at vi skal ha eit godt talgrunnlag på interessentar til forhandling, ønskjer vi å registrere dette talgrunnlaget i ei interesseliste.

I dei siste fiberprosjekta i kommunen, har det som nemnd ovanfor vore behov for ekstra privat brukarfinsansiering. Dette har vore på kr 5.000.- pr. abonnement. Dette er og lagt inn som føresetnad for områda Heggjabygda, Skrede-Holmøyane, Lote-Hennebygda.

Bedrifter har også muligkeit til å melde seg på interesseliste, sjølv om dei ikkje fell under tilskotsordninga vil dei vere med på å redusere utbyggingskostandane generelt.

Vi ønsker med dette å kartlegge interessa for tilgang på fiber med føresetnad om ekstra brukarfinsansiering på kr. 5000.-, då dette er ein del av den totale finansieringa.

Forplikting på denne summen skjer først ved abonnementteikning. Vi gjer merksam på at denne summen er i tillegg til utbyggar sin vanlege tilknytningsavgift. Prisen på tilknytningsavgift varierar, pga. område og kor stor % andel som vil knyte seg til breiband. Tilknytningsavgift er ca kr 3.000,- i utbyggingsperioden.

Vi ber om at de svarar innan 1. august, ved å sende e-post til svein.otto.melheim@stad.kommune.no eller på SMS: 91138974

Med venleg helsing Svein Otto Melheim, Stad kommune

SVAR

Interessert i fiber med ekstra brukarfinsasierung : JA NEI

Antal stk. etableringar hus –fritid:

E-postadresse:

Telefon:



Stad kommune

